



## INTERVJU MED ANDERS N. VAKSDAL 1868 – 1962

Vaksdal gnr. 14 bnr. 25 (Kvitingane).

*Dette er avskrift av eit lydband-intervju som bygdebokredaktør Brita Skre gjorde i 1959 med Anders N. Vaksdal i samband med innsamling av stoff til Vaksdal bygdebok I, Bruvik sokn.*

*Spørsmåla til intervjuaren er innarbeidde som svar her i avskrifta, som tilnærmalesvis er delt inn i tema. Elles er avskrifta slik Anders N. Vaksdal munnleg fortalde det om tilhøva i Vaksdalsgarden.*

### Hus på garden slik som dei låg før.

I alle husa her var det hellelagt i gongen og med grue, og frå gongen kom ein anten inn i storstova eller kårstova. Det var storstove i eine enden og kårstove i den andre. Vårt hus var det fyrste som hadde heil kjellar under. Huset her var nytt, og då var det slik at Kvitingen kunne byggja eit høgt hus. Sperrene vart sett på bjelkane, og det var så vidt ein kunne stå rett under mønet oppe. Borna låg der oppe. Det var trapp opp i frå gangen. Det var ikkje omn der oppe, men

det var ei luke over omnen i stova som sleppte opp varmen. Omnen i stova var ein "uteleggjar". Dei la i omnen ute i grua, og så gjekk vedommen inn i stova. Dei brukte ikkje denne omnen til anna enn varme. Dei kunne tørka klede og slikt på han, men det var ikkje til koking. Her kokte dei ute i gangen der grua var, men i dei fleste husa hadde dei kokeomnar inne med plass til to gryter.

I gangen kunne det vera dør både på oppsida og nedsida på huset. Det var ymse med det. Det kunne vera både heile og delte dører på midten. På dei gamlaste husa var det delt dør. I huset vårt hadde me heile dører, og det same var det hjå Andersane. Både hjå Nordvikane og hjå han Stor-Ola var det delte dører. Me kalla dei for oppe- og nede dører.

Nokon hadde løa i lag. Dei var delte med eit skilje, som vart kalla skiljeved. Det var tre som var kløyvt i to. Det var slik at dei kunne sjå igjennom og snakka i saman. Det var koseleg det. Men dei kunne ikkje smygga igjennom. Dei hadde høystålet på kvar sida av skiljeveden.

Anders Vaksdal. Utlånt av Wenche Bleikli.

Treskjelåven var i midten av løa. Dei hadde kornstålet på den eine sida og høystålet på den andre. Dei treskte med tust (*to kjeppar som var bundne saman*). Treskjemaskina fekk dei kring 1880-åra, som dei hadde i lag. Det var no helst slik at dei treskte kvar for seg. Dei hadde ikkje så mykje korn her. Korn dyrkinga varde ei stund framover sjølv etter at Mylna kom til staden. Bygselen (?) brukte dei på potetåkeren og kornåkeren. Det var liaslåttan og fjellslåttan som var den vesentlege til å skaffa for av. Etter kvart såg ein at det var ikkje lønsamt med korn dyrkinga.

Utløene hadde dei kvar for seg. Dei hadde og kvar for seg geithus oppe i lia. Det vart slutt med geiter nokså tidleg her, og då brukte dei geithusa til lamhus. Dei sette lamma inn i desse husa, og så mjølka dei sauene. Dei samla lamma inn om kvelden, og så mjølka dei sauene om morgonen. Det var ikkje mykje brukt dette, men eg kan minnast at det var nokre gamle her som gjorde det. Det var no slik rundt 1860, for mor mi fortalde ofte om desse gamle konene som jagde lamma saman og sette dei inn og mjølka sauene. Geithusa stod midt oppe i lia her. Det var ikkje bøgard der oppe. Dei hadde skilje for kyrne. Her er flytta ut og utvida fleire gonger her. I 1860-åra var bøgarden like inn på skulehuset her, og den flaten innover her var det utmark,- der som no idrettsplassen er. Nygård vart teken inn, og det vil seia at det vart nytt gjerde der. Eg kan tenkja at det vart utvida der til i 1860-åra. Seinare vart det utvida slik at Brualeitet kom med, og så vart det utvida slik at Krekane kom inn. Det bruket som Ole Knutsen Nygård har, var før hamnehage. Det er ein 4 – 5 hus der, og det var Kolabakken, og det var felles. Der hadde dei kalvane gåande, og like eins på Nygård, som det no heiter. I 1850-60 åra var der ein plass dei samla kalvane, som var Kalvastadlen, og der var også Kalvalia.

Sæter hadde me på Tjødnhaugane, det vil seia på nordsida oppover Sedalen. Når dei gjekk opp brukte dei vel 2 timar. Dei gjekk opp om kveldane og låg over, og så kom dei ned att om morgonane.

Heime her i tunet vart det kalla Garden. Stor-Olane og Nordvikane haddde løa i lag øvst i tunet. Dei hadde også floren i lag. Dei var murde. Nedom den løa kom vårt hus, Kvitingane, eller Nils Anderssen, som far min heitte. Det kom ein bekk ned i gjennom tunet der, og nord for der var det ei liknande løe, med to i saman og flor, og det var Nordvikane og Andersane eller Knut-Anders. Og så var det eit lite stykke der, 7 – 8 m, og så kom det eit nytt hus, og det var Klokkarane. Han som budde der var nemleg skulemeister og klokkar. Han heitte A. O. Herfindal. Han flytte til slutt herifrå til Ølen. Garden hans vart seld og dei andre brukarane delte den mellom seg.

I frå Stor-Ola sitt hus kom det så eit hus som vart kalla for Bakka-huset, eller Bakka-tunet. Tett i det var det eit mindre hus, ei rotstove (*ei stove, eit soverom og kjøkken i midten der ein kjem inn*).

. Det var så vidt dei kunne smetta seg i mellom desse. Me kalla dei for Bakkane, ho Bakka-Brita og Bakka-Malene. Ho Malena var gift. Ho var svært dyktig, og var både nærkone og jordamor. Så hadde dei ei syster som budde i ei bitte lita stove.



Vaksdalsgardane 1912. Kvitinghuset, huset til høgre for flaggstang.

Utlånt av Marta Knutsen.

Ho var ikkje gift. Bakka-huset hadde ikkje loft, men var ope heilt opp i rotet. Klokkehuset var og ei rotstove. I dei rotstovene var det slik at dei hadde ein bjelke omtrent ei alen i frå veggjen på eine kanten, og på den andre var det litt lenger, og der hadde dei golv. Der kunne dei ha borna liggjande, og så hadde dei ein stige som dei klauv opp i. Det var ikkje slikt sengjalgje i Bakka-stova.

Nedanfor Bakka-huset var det Ingridane sitt. Ho var kona til Johannes, og han hadde ein bror som budde på Boge, og ho var ute i frå Raudberget. I Ingrid-huset var det fyrst stova, så var det ein gong og så bjelkastova. Ho Ingrid hadde det så fint. Du måtte spennast skorne av deg når du skulle til henne. Alt var kvitskura. Ho var "klinekone". I alle brudlaup og begravelsar måtte ho vera med og laga mat. Det var grei beskjed. Det var moro for oss gutane å sjå på henne når ho tok ein neve med smør og klinte rundt om, og så stakk hânda i sukkeret og strødde utover, - då var det ei nokså matleg hând. Ho hadde smør og sukker på hânda. Ho brukte ikkje kniv. Ho var eit dyktig menneske. I enden på det huset var det også ei bu med lem opp på, så det var ei heil rekkje. På øvre sida hadde dei ein svalgang, som vart brukt til alt mogeleg. I framhald på den svalgangen var det delt av til ei skykkja. Så hadde dei ei lœa lenger ute, som stod på tvert i forhold til dei andre. Der var også to i saman, med skirve(?). Der hadde dei grave florane rett inn i sandbanken der. Den lœa var det Ingridane og Skulane som âtte i saman.

Så skal me ta dei i Neragardane. Den yste mot sør var Perane, og det byrja med ei halvtেকkja, så kom ei bu, så stova, gong, og bjelkastova og loft. Dei hadde berre helle framfor skorsteinane, elles var det tregolv. Dei hadde ein stor skorstein, og der turka dei kornet sitt. Eit par stykke i tunet hadde eldhus, og der var det

naturlegvis også grue, som dei turka kornet i. Hå Kvitingane hadde dei turkehella i kjellaren. Kornet vart turka slik det høvde, både i kjellaren, i grua i gongen eller i eldhuset.

I Perahuset budde ein dei kalla for Gamle-Per. Han var ei kjempe til kar. Han ætta i frå Staveneset. Der var nokre kjemper der ute. Så hadde Skulane hus tett att i Perahuset, og der var det så tett at ein kunne knapt gå i mellom. Hå Skulane budde Thomas, Gamle-Skulen, og han var skulelærer i 1830. Sonen hans, Tomas, selde garden, - noko til Gerdt Meyer, - før han flytta her i frå. Han hadde sonen Thomas, og han var med og slipte til diamanten i stjernekkikerten på det amerikanske fjellet. Eg kjem ikkje på kva fjellet heiter. Dei hadde ein frå før på 2,5 m i firkant, men no er han komen i 12 m. Det var ein begava kar.

Der som bedehuset no står var det og ei løe. Det var Perane si. Dei var åleine om den. Der var kjellaren graven ned i sand, - så bedehuset står på ein gamal flor. Så var det ei enkel løe litt lenger borte, og det var Gamle-Skulen si. Den var mindre. Det var dei husa som var der. Perane, Nordvikane og Stor-Ola hadde kvar si smie, som stod oppe i tunet.

### **Arbeidsliv:**

Åkrane låg over alt. Der som skulen er var det eit åkerrenne, Flatækro. Så var det Storåkeren her ute. Det var der som det hallar i frå tunet og nedover. Heile bakkane utover der var åker, og der var det delt opp, slik at dei alle hadde sine teigar. Det var så bratt her, at dei spadde åkrane. Då var det dugnad, både vår og haust. Dei hadde bestemte som kom og spadde, og vanlegvis så klarte dei det då på ein dag. Dei kom og i skuren når kornet skulle skjærast.

Det var alle på garden som samla seg hjå ein mann, og det kunne vera 2 menn frå kvart bruk. Dei hadde felles mat, og koste seg på same tid. Det var god mat, og då brygga dei til våren, slik at dei hadde øl. Ølkaggane hadde dei liggjande på åkeren, og då dreiv dei på og kappspadde, så det gjekk i ein rykande fart. Dei kunne ta kvar sine ferde, og så skulle dei sjå kven som kom fyrst til land. Det var mykje moro med det.

Det var berre karane som spadde, men kvinnfolka hadde jobben med å spreia møka utover, og så hadde dei som ei treklo med tre tindar på, og med den gjekk dei rundt om og slo og jamna utover. Kvinnfolka hadde og arbeidet til å milla (?) kornet ned i. Det var karane som sådde, og var det nokon som var flinke så vart dei brukte. Dei såg ikkje ned på åkeren kvar kornet fall, men dei såg i lufta kor tett det var. Sårkornet hadde dei i ei korg, og så kasta dei med handa. Desse Storåkrane gjekk heilt i frå tunet her og ned på eit bråt her nede, som no er utjamna. Det var ein nokså stor rinde der, og det var bratt i frå den rinden. Nedom den rinden var det bø, som vart kalla i Reinane. I storåkrane var det nedsett merkjesteinar mellom eigarane. På bøen var det mykje teigblanding like til 1890, då me fekk utskifting.

Når me var ferdige med slåtten var det slåttegraut, og skoragraut når skuren var ferdig.

Slåttegrauten var rjomegraut, medan skoragrauten var eit slags potegraut. Til våren og til hausten var det skikken at dei brygga, og hadde dei dugnad haust eller vår, så hadde dei øl på alle åkrane. I skuren var den skikken at borna skulle gå rundt om på åkrane og samla saman strå, og di større bunt ein kunne få, desto finare var det naturlegvis. Desse buntane bar dei inn i løa og hengde dei til turk. Eg har høyrte at dei kalla desse buntane for kornbrusa.

Dei fleste nausta låg i Fjæra. Men me, Kvitingane, og dei på Tveitane, som hadde vore plass ei stund, men som vart kjøpt, me hadde naust i Helgaståa. Den ligg mellom Vaksdalneset og Fjæro, der det stikk ut eit nes. Vetla Laksaberget kallar me det. Og mellom Vetla Laksaberget og Laksaberget, det var ei vik inn, - det var Helgaståa. Der hadde me og han Hans på Tveitane naust. I Fjæro hadde dei i Sedalen nausttuffer. Dei i Herfindalen hadde ikkje naust, men så ordna dei seg slik at dei fekk fylgja, ved at dei f.eks. ein dag om våren og ein dag om hausten kom og arbeidde.

Elles har dei som kom innifrå Bergsdalen og hatt sitt lende her. Her ute var det ein plass me kallar for Rosshagen, og der meiner dei at i gamle dagar hadde Vessane og Hardingane hestane sine gangande medan dei sjølv reiste til byen. Dei kom over fjellet og ned her. Og her dreiv f.eks. han Knut-Anders og han Stor-Ola og dei der. Dei reiste på oppkjøp og kjøpte opp sauer, og så kom dei her til og slakta, og førde det vidare. Dei største båtane dei hadde her var seksfjæringar. Eg kan ikkje minnast noko skute. Innover i fjorden hadde dei skuter eller vengjebåtar.

Tynkeslåttene var helst i liane, der det no er skog. Når dei slutta å bruka slåttene kom skogen. Dei slo liene oppover heilt frå fjæro og like til topps. Her er to lier oppføre einannan. Det er nedste lia og øvsta lia, og der var slåtteteigar oppover. Dei fortalde om ein som budde her på garden, og som begynte å slå ute i Stegane (?), og så slo han til høgda med Ardalsskaret. Og så begynte han i Ardalen og slo seg oppover der. Då var det tidleg opp om morgonen, i 4 – 5 tida, og så halda det gåande til seint på kvelden. Han hadde tenarar, både gutar og jenter. Når dei var ferdige i ei slåtte, så måtte dei heim og slipa ljåane, og få dei til ei annan slåtte. Dei hadde slåtter i Botnane, Øykjarenen, Ardalsrenen, Tolåsrenen, Blomtona, Dårmansoksla, Bjørkhaugen og Liastadlane. Vidare hadde dei slåtter her oppe på Svarthammaren, under Ankelsberget og i Gylvæ. Der er ei senking i fjellet, og ei fjellgylva opp gjennom, og Gylvæ skjer liksom av, slik at dei kan koma bort til Bogane. Der oppe i Gylvæ er det ein slik sværa stor heller. Dei meinte at i gamle dagar hadde dei som var fredause samla seg der, for der er ein stor heller innover. Dei kalla det for Gubbaholet.

Når dei sleppte kyrne ut om våren hadde dei fyrst fellesbeite innom Brualeitet. Der var dei om lag i 3 veker. Dei hadde ikkje vårflor der. Dei mjølka kyrne ute, og der var ikkje nokon fast mjølkeplass. Neragardane hadde støl innanfor Sedalen, i Dyr dalen. Dei andre gardane var oppe på fjellet, på Tjødnhaugen. Det var sæterhus på begge plassane. På Tjødnhaugen var det høgt opp mot fjellet. Dei som var i Dyr dalen hadde fjellet lenger inne, som ein fortsettelse på Tjødnhaugen. Det høgste fjellet der er Glyvren, og Glyvreberget er inne mot Bergsdalen. Der på

Glyvre hadde Neagardane kyrne sine. Når Dyrdalane var der, så var dei andre inne i Långetonæ, og så passa dei på at ikkje Dyrdalane fekk koma for tidleg heimatt i hagen. Budeiene gjekk til kyrne i fjellet. I fjellet under Tjødnahaugen eig Vaksdalane ned i Sedalslia. Dei har nokre slåtter der, Tødna. Sedalen hadde sætra si meir mot aust. Dei åtte inn åt Dyr dalen, men ikkje sjølve Dyr dalen.

### **Samkvem med Samnanger.**

I frå Kvitingen, og dei øvste gardane nedover der, kom dei over Bogaskaret og til Ytre Boge og gjekk langs stranda innover til Vaksdal når dei skulle til byen eller liknande. Desse gardane der er Kvitingen, Kleivane, Steinhushaugen, Grønsdalen, Myra, Sæterhaugen, Dyrhovden, Fiskje, og lenger nede kjem du til Langeland. Alle desse kom om fjellet til Boge eller Vaksdal. Dei hadde hestar med seg, som dei sette att i Bogaskaret, og derfor er det ein plass der ute som dei kallar for Kløvhaugen. Der hadde dei kløven liggjande, og så bar dei opp igjennom skaret når dei kom med vara sjøvegen i frå byen til Boge. Så kunne dei leggja kløv på hestane. Det var ikkje alle desse gardane som hadde hest. På Boge leigde dei båtar til byen. Slik reiste dei to gonger i året, vår og haust, med smør og kjøt.

Me hadde ikkje noko ærende over til Samnanger, anna enn at me gjekk til kvarande og hadde samkvem. Her var ikkje så mykje religiøse møte før enn i 1870-åra. Frå Samnanger hadde dei til vane å reisa til kyrkje til Bruvik. Det var frå den delen der Nordvik ligg. Då kunne dei gå over til Langhelle og få seg skyss der. Det var lettare over fjellet der. Frå Kvitingen og dei gardane kom dei ikkje.

Når beista gjekk i fjellet møttest dei frå Boge dei frå Langeland og Dyrhovdane. Fjellet gjekk mot einannan der. Dei i Samnanger hadde sæter der. Nordvikasætra ligg oppe med Fitjavatnet. Der har dei no hatt misjonsmøte i 56 år. Det var ein banevaktar her, Mikkjel Kjøndal, og så ein frå Reistad i Samnanger, som var av ætt tå Bogo, og som var laksafiskar om sommaren ute på Kjeneset, og var svært kristeleg interessert. Desse to karane fekk tillyst eit møte, og det var i 1903. Det var oppe med Luren. Seinare vart dette møtet lagt ned til sætra. Der ligg 2 stolar nokså nær einannan der. Der har dei no helde møta for 56. gong. Han som ætta frå Boge heitte Anders Reistad, og faren heitte Erik. Dei kalla han for Gamle-Erik, og er i familie med Erik som er på Boge no. Han dreiv lenge laksefiske halvt i lag med Bogane på Kjeneset. Det var ein gamal lakseplass dette, og mannen var vel då i 60-åra.

Under smalasankinga var det ikkje bestemte sankedagar, men kvar gard samlast og gjekk i saman, og då møtte dei samningane frå Kvitingen, Grønsdalen og Langeland i fjellet, for det var same beitet. Men det vanlege var at sauene gjekk på kvar sin plass, så me visste kvar me kunne venta å finna dei.

Det var fleire her på garden som handla med beist. Han Anders Knutsen dreiv med å reisa og kjøpa. Han kjøpte for eksempel sau og kyr inne i Bergsdalen, og like eins i frå Samnanger. Han for vide omkring. Bror hans, han Stor-Ola reiste og. Dei var like ned til Tysnes og kjøpte opp. Dei kjøpte mykje om våren, når folk var i pengeknipa, og så sette dei beista i hamnegang og tok dei att om hausten og

slakta dei. Om dei kjøpte magre og utpinte kyr, så kunne dei få dei tjukke og feite til hausten.

Det var nokså mykje sildafiske i Samnangerfjorden, og då hende det no kanskje at folk frå Bogo var over etter brisling og sild. Det var ikkje ofte at nokon frå Vaksdal var over. Stamnesingane kasta her, og me fekk fersk brisling for 40 – 50 øre for tunna. Me salta han sjølv. Det vart kjøpt slik, at me hadde alltid stor samling med sild og brisling. Silda, feitsilda, vart kjøpt ferdigsalta i tunner frå byen. Det var ikkje så mykje dei hadde bruk for heller. Det var turrfisk som vart kjøp, og litt erter og rugmjøl til å ha i baksten. Elles var det havrabrød med poteter i. Det vart laga av småpoteter. Dei skåla potena, men reinska dei ikkje, og så vart dei malne. Det var karane si sak å knåa den deigen av havremjøl og poteter. Så baka dei då ein dag eller to og lagde flatbrød, som vart lagt i store kister eller store skåp. Me laga også fint flatbrød, og skulle det vera skikkeleg høgtideleg, f.eks. til jul, så lagde dei skinabrød. Då smurde dei råmjølk på brødet og steikte det. Det vart lagt i 4, 4-lagt, og så vart det lagt på bordet ved sida av, og så hadde dei smør som dei åt attåt. Under bordseta så hadde dei grautafatet ståande på bordet, der alle saman åt av det, og like eins mjølk.

### **Måltida:**

Det var ikkje så stor skilnad på måltida sommar eller vinter. Om morgonen var det potekaker som var steikte på hella, og så var det mjølk attåt. Me smurde smør og sirup på kakene, men sirupen fekk me ikkje før i 1870 åra, for her var ikkje handelsfolk. Det var på Bruvik dei var. Der var handelen og alle sakene. Det var ikkje så mykje som vart kjøpt. Det var å reisa og få seg ei eller to morker med tobakk, bladtobakk, og av manufaktur vart det til kvithuer og forklede. Det var fint lerret, pliktlerret, som dei kalla det. Du veit dei hadde kvithuer her, eller skaut, - og det var berre her i Nordhordland dei hadde desse kvithuene. Elles så kjøpte dei salt og turrfisk. Fisken fiska dei sjølve her. Det var långa og annan småfisk. Han var fersk eller vart salta.

Til middag var det oftaste poteter og sild, og den var i 12-tida. Sidan var det mellommat, og det var kaker og flatbrød. Til middagen hadde me mjølkesuppa. Eit par gonger i veka kunne det vera kjøt til middag. Det kunne vera sodd med erter og gryn. Turrfisken som me kjøpte vart bløytt og luta. Det var bjørkeoske som vart brukt.

Det vart brukt mykje mjølk. Graut og mjølk var ståande middagsmat. Det var sur mjølk me brukte, og fløyten var teken av. Berre borna fekk nysilt mjølk med fløyte. Det var ikkje lov for vaksne å drikka søt mjølk. Når borna var små, så laga dei tåter til dei. Det var så greitt å stikka i munnen på ungane når dei skreik. Eg hugsar ikkje at me hadde geitemjølk. Dei var einige her om å avskaffa geita, for ho øydela skogen.

Me kjøpte både kveitemjøl og rugmjøl, som vart brukt til kaker og slikt. Mjølkekakene vart steikte på hella, og me kalla dei for Frunsekaker. Det var serleg om laurdagen desse vart steikte til bruk om sundagen, og elles til alle høgtider.

### **Gravferder og brudlaup:**

I gravferdene var rota samla, og då hadde dei fudna (?) med. Det var også alltid fisk, for dei måtte ha eit fiskemåltid. Dei gjekk til bords om morgonen, og så stod borda oppdekte heile døgnet rundt, så lenge som det varde. Då var det ein stabel med kaker, både frunsekaker og andre kaker, som var smurde på. Og så kjøpte dei frå byen såkalla onsebrød. Smøret stod på bordet, og det var kanskje 8 – 10 kilo, eller 4 – 5 kilo. Det var ymse slik. Oftaste var det skylda som hadde sytt for smøret, men så måtte dei naturlegvis ha rjomegraut, og det fekk dei rjome til. Dei måtte naturlegvis også alltid ha gravøl, og då var det å setja ei stor ølskål på bordet, og så forsynte dei seg av den, eller dei hadde mindre skåler som gjekk rundt.

Det var alltid ein til å syngja bordverset eller lesa bordbøna. Me hadde Gamle-Skulen her, og elles så var det desse gamle rundt om. Klockaren til eksempel. Det kunne vera ein av gardsfolket eller naboane som dei hadde respekt for, såkalla danemenner. Det var ikkje så mykje brukt brennevin då. Det var gravøl. Ei gravferd varde kanskje 2 dagar.

Me hadde eit brudlaup her på garden som varde i 8 dagar, vert det fortalt. Det var han Madli-Knut, son til Andersane, som gifte seg den gongen. Då vart det drukke nokså mykje, og funne på alskens spetakkel. Ein gong han far var ung var han med i eit brudlaup hjå Ingridane. Då var det om og gjera at dei kunne finna på eitkvart fantaskap og spetakkel i dette brudlaupet. Det var alminneleg kutyme å få stela frå brura, enten å få fat i brurekruna eller skorne hennar, eller noko anna, og gøyma det vekk. Og så måtte det løysast ut ved at dei fekk brennevin. Desse gaukane hadde funne på at dei skulle rydda bordet og snu det. Så gjekk dei stad og fekk fat i hardingaheller, som dei la på. Dei var så oppe i skogen og hogde ned bjørker og skar tå og bar det inn til forsete, slik at då dei som kom og skulle sjodna om morgonen, så låg det berre heller på bordet og berre stokkar. Ingriden hadde lagt nytt golv i stova. Så hakka dei brake og bar inn, for Gamle-Ingriden var redd for det nye golvet, og dei hadde heljern under skorne på den tida. Når dei så danste og sparka igjennom dette der, så var det om å gjera å få merker i golvet til Ingriden. Dei hadde eit lite nagg til han, så dei skulle visa han. Både han og kona ville ha det så reint og fint, og dette kunne terga andre. Når dei gjekk der halvfulle i tre dagar, så måtte dei finna på noko. Ho Ingrid, kona der, ho passa på at brura om natta måtte ligga med kruneambaren i senga og halda han i hånda, slik at dei ikkje skulle stela han. Brura skulla også ha kruna på ei stund andre dagen.

Det var ikkje så fæla stas brudlaupsafta. Dei samla seg då og fekk eit måltid mat. Til brudlaupet måtte det også skaffast kjøgemeistar. Det var mange som kunne brukast til det, og dei måtte helst ha ein som kunne syngja. Her var Gamle-klockaren, A. O. Herfindal ein solid til å ha til kjøgemeistar. I eit brudlaup her var han Stor-Ola kjøgemeistar, men han kunne ikkje syngja, - hadde ikkje tone. Så vart det slik at kvar gong dei skulle til bords, så skulle dei syngja "No takkar alle Gud med hjerte, munn og hender", for den kunne han. Då vart ho Ingrid, eller Gamla-Klino, arg og sa: "Det er same songen og same melodien, det er same songen og

same melodien". Elles var bordverset " I Jesus namn til bords " det mest vanlege å bruka til bordvers i brudlaup. Når det galdt talar, så var det kjøgemeistaren som sa det som skulle seiast, og han skulle gjera det så hyggeleg som råd var.

Her på garden hadde me ikkje spelemann, så den måtte me få utanfrå. Det var om å gjera og få ein som var riktig flink. Det var ein brorson til Stor-Ola, frå Hundhammar, han var ofte her. Han var keivhendt, så det var så fornøyeleg med han, men noko storspelar var han ikkje. Det var ein frå Skreien som dei også brukte. Han var frå Holane. Dei fortalde at han gjekk i floren og spelte til kyrne når det var høyløyse. Noko særleg av musikk eller kunstnar-arbeid var det her lite av.

Sjølve brudlaupsdagen samlast dei om morgonen til eit måltid, og så var det avgårde til kyrkja. Då gjekk dei med spelemannen i spissen ned brekka her, og der nede låg båtane. Desse var ikkje noko særleg pynta, men dei hadde brurakrans. Dei batt blomar i ein krans, og den vart sett på ei stong. Den bar dei føre spelemannen, og han som bar denne brurakransen skulle hoppa og dansa og springa, og gjera alskens kunstar med kransen i hendene. Om det var master på båten, vart brurakransen sett der. Det var mest færingar og seksfæringar som vart brukt her. Å kappro slik at ein kom framom brurabåten var ulovleg. Det kunne vera slik at dei prøvde å koma opp på sida av brurabåten, men til å koma framom den, det var ei skam. Og så hadde dei rifle med seg, som dei skaut med når dei la i frå land, og når dei kom roande inn til kyrkja.

Brura hadde krune og raud stakk. Her i bygda var det ingen som hadde brurekrune, så den måtte dei låna frå andre bygder. Dei måtte dansa med brura og betala for det. Det måtte både karar og kvinnfolk gjera. Sjølv om dei var gamle og lite god til å dansa, så var det såpass at den vesle dansen greidde alle. For dansen betalte dei til brura ein halv eller ein heil dalar eller ei ort. Det var også ein skikk at siste dagen la dei pengar i skåla. Den dagen var det suppa som vart kalla for jagesuppa. Når den kom plasserte brura og brudgommen seg i høgsete og sette ei skål framfor seg på bordet. Og så var det fram og betala i skåla.

Dei fann på alt mogeleg moro i brudlaupet. Det var storarta om dei kunne f.eks. ta hesten og rida inn i brudlaupsstova. Eller dei tok ei kinne, slik som vart snudd, og fylte vatn opp i og gjekk rundt og snudde og song som ein lirekassemann. Så var det å letta på loket, slik at vass-spruten kom bort på dei andre. Og om nettene så låg dei i slokabol kringom. Det var halm som var lagd utover på loft og lemmar. Då var det å gå rundt og klina jentene til med sot og sirup og stasa dei opp. Serleg moro var det å stela skorpe frå brura. Dei gjekk no kringom og skrålte så dei vart så håse at dei mest ikkje kunne lata opp munnen. Dei snakka om brydleshals. Det var ei skam då å ikkje ha vore lite grann "på han" i brudlaup, eller å ikkje ha brydleshals. Slik var skikken. Det var helst karane som var høgrøysta. Jentene var rolege. Det var usømeleg for dei å skråla. Det hende og at det vart både krangel og slagsmål i brudlaupet. Det kunne også like eins vera i gravferder. Når dei hadde drukke, så fekk dei mot til å gjera opp saker som dei ikkje hadde hatt lyst til å ta opp. " Du får venta til eg får ein under vesten".

Det var vanleg at det vart helde brudlaup ved jonsok. Far og mor sitt var eit slikt jonsokbrudlaup. Det kunne då vera 5 – 6 brudlaupslag som møttest ved kyrkja. Då kunne det bera ymse til, for desse karane som møttes var naturlegvis "på han". Jentene hadde også med seg ei lommelerke. Det kunne ikkje koma ei skapleg jente til kyrkje juledag utan at ho hadde ei lommelerke med brennevin som skulle drikkast av. Og slik var det også i brudlaup.

Eg har elles ikkje noko minne til at dei hadde med seg brudlaupsmat og skjenk ved kyrkja som dei spanderte på andre enn presten.

For om lag 75 år sidan så begynte me å rydja opp og prøva og få bort desse brudlaups- og gravferdsskikkane. Her i krinsen var det systra mi, Anna Maria, som hadde det fyrste brudlaupet utan drikke. Ho vart gift med ein mylnearbeidar. Dei hadde heller ikkje spelmann, og det var skandale. Folk lurte på om dei var skikkeleg gifte, kan du vita. Skikken hadde vore slik her, at når brura og brudgommen var ferdige i kyrkja, så skulle dei til presten og skjenka han, eller la han få smaka på maten. Det var i eit brudlaup seinare at eg var visevert, og istadenfor å kjøpa inn vin, så kjøpte me mjød, men det tykte presten var løye. "Hva er det her for noe", sa han. Det skulle mot til å bryta denne skikken, eller dens makt, at presten skulle skjenkast, og ikkje lata han få vin. No er det skapt ein tradisjon med fråhaldsbrudlaup, slik at me har ein skikk å halda oss til her og.

### **Julefeiring.**

I jula skulle det også vera betre mat til beista. Elles var skikken at det måtte bakast særskilt med kaker og slikt. Julenatta måtte det vera lys, og juledagsmorgonen var det slik at den eldste jenta i huset skulle vera oppe og laga kaffi, slik at far og mor skulle få kaffi og kaker på senga når dei vakna. Me hadde mykje moro med at ein gong eldste systra mi skulle vera tidleg oppe og skulle få dette i orden, ja, så var ho sovna ved ovnen då mor vakna. Borna skulle gleda foreldra med dette. Til vanleg var det ein skikk at far om laurdagskvelden song og las kveldsbøna, og like eins om sundagsmorgonen. Då høyrde me han far song før han reis opp. Juledag måtte me naturlegvis til kyrkje. Juledag var det også ei skam å gå bort til ein annan heim. Me måtte halda oss roleg inne til 4. dag jul. Men då gjekk me til ein annan på det me kalla "jula-radl". Den eine gjekk til den andre, og så gjekk dei to til den tredje, og dei tre til den fjerde o.s.v., til dess dei var mange. Slik gjekk dei då frå heim til heim. Og litt lette vart dei naturlegvis, for dei smakte på julebrennevinet, og så måtte dei få god mat. Då gjekk det på spikekjøt. Det var ei skam dersom dei kom inn og ikkje fekk noko. Dei måtte ikkje bera jula ut att. Borna fekk ei kringle, flettekringle, i kvar heim, og dei måtte dei ikkje eta opp, men hengja på juletreet og ha dei lenge. Til jula, eller julafta, fekk borna kvar si smørøskje på bordet. Då måtte dei ta av smøret og setja ein liten klatt på toppen, for det var så om å gjera at det var høg topp på smøret. Og borna passa på kven som fekk den høgaste toppen. Og så måtte dei leggja ein klatt på toppen, for at ikkje julenissen skulle koma inn og eta opp smøret. Når dei skulle bruka av sitt eige smør, så vart det ikkje så stort smørforbruk. Det var ei skam å eta opp smøret.

Me hadde ikkje juletre her før kring 1885, og eg trur det var i heimen vår at me fyrst byrja med det. Det kom tilreisande her frå andre kantar, så den skikken må vel vera komen frå byen. Til juletre bruka me gran. Før jul måtte alt vaskast og stasast opp. Det var slik over alt.

Julaften var skikken at kvar fekk presangar. Mor hadde strikka opp sokkar og underklede, slik at alle hadde noko nytt til julegåver. Dagen før julaften måtte alle lauga seg. Dei hadde store stampar med vatn. Alle måtte lauga seg til jul og få nye klede på seg. Kleda var ullskjorter, ullbukser og sokkar.

### **Seng og klede.**

I alle heimar her var det slik at mannen og kona si seng var i stova, og borna og for så vidt. Men etter kvart vart borna lagde på loftet. Til madrasser i sengene var det halm med kvitlar oppå. Til overbreidsle brukte dei sengeteppe. Dei hadde skinnfellar i 1860-åra. Karane brukte då skinnbukser, og det var riktig stas, og hadde dei bukser som var barka med eike.... (?) så var det skikkeleg stas, og Her brukte dei ikkje skinnbukser som var loddne innvendig.

Kona hadde skinntrøyer. Mannen kunne til sundags bruka skinnbukser heime, sundagsbukser. Dei hadde sundagsklede og kyrkjeklede. Kyrkjekleda var av vadmél. Ho mor klipte sauén, karda og spann ulla til garn. Ho vov og stampa vadmelet i ein stor sâe. Ho gjekk opp i sâen og trakka på det. Ho hadde berre på seg ein stakk som låg utover sâen. Det var for langt å senda vadmelet til stamping i byen. Ho kjøpte farge og farga det sjølv. Så klipte ho vadmelen og sydde, eller ho hadde ei syjente som sydde det saman. Til konfirmasjonen hadde eg klede som mor hadde laga frå topp til tå.

Jentene gjekk med roggaband. Dei hadde lange fletter, og så rogga dei inn vevde band og la fletta rundt hovudet. Det var no helst til helgene eller når dei skulle til kyrkje at dei pynta seg slik, men somme gjekk alltid med roggaband. Til dømes den tida dei begynte på Dale Fabrikker, så var det ofte at du såg at jentene kom med tresko, leistar, skinntrøyer og roggaband.

Borna som skulle døypast kan eg minnst var røyvde på hender og føt. Tanta mi fortalde at eg var så fæl til å spennja og sparka når dei skulle røyva meg. Når dei så skulle til dåpen var dei røyvde og hadde eit teppe om seg, og så ei hua, dåpshua. Det var ei knytehua med fine bånd. Det var kapping om å ha fine bånd, alt etter kva velstandsfolk ein var. Både eg og alle syskena mine vart borne til dåpen i slik bunad. Teppet som var utanpå var særskilt fint. Både det og dåpshuene var slikt som fylgde med heimen. Det var stas det å få dåpshua til far eller mor. Dei som stod fadrar måtte betala ei gâve til presten.

### **Overtru.**

På Jamne var det ei kona som hadde slik sværa tru på tunkallen, på nissen og skittfoten og alt dette gamle, og eg trur at ho heitte Brita. Desse huse er no vekke, men i kjellaren der var den fyrste handelsplassen me hadde her. Det var då dei begynte med jarnbanearbeidet. Dette var hjå Nilsane. Det var tre Nilsar der. Det

var han Gamle-Nils, og han Manna-Nils og ein Nils til. Han Gamle-Nils var vilkårskallen, og han Manna-Nils hadde garden, og så var det han Vettle-Nils. Den eldste kalla dei og for Syggjen, Gamle-Syggjen. Denne kona var så flink til å fortelja. Ho hadde sett at tunkallen gjekk oppe i lia og reikste, eller reiv, på blom som han skulle ha til kyrne sine. Ho var ute og ropte på at han måtte koma. Men då ho kom inn att sat besten i stova, - så då var det tunkallen ho hadde sett. Tunkallen var alltid så skapa tå den eldste som var i tunet, og derfor kunne dei sjå at tunkallen kom berande med vedabører, og sette seg til og kvilte. Når ho hadde tannverk, då påstod ho at det var leamakken. Ho kunne vrida fingeren sin slik at det small, og då sa ho at ho høyrde leamakken snudde.

Så var det Skittfoten. Det var når det var lys om natta. Truleg var det morild. Det var slik i gamle stugar. Det var helst noko mindre bra som skulle skje når ein såg den. Han Gamle-Erik på Bogo kunne fortelja korleis Skittfoten hytta nede i Vaksdalsfjæra. Der var masse med stugar der. Det var slike stugar som dei brukte til skav. Det var raun og ask, og det vart vel som ein morild der. Han kunne ofta fortelja kva det var for noko når han hadde sett morilden inne på Vaksdal. Det var mykje slik tru.

Noko anna var gjengangarar. Dette vart fortalt om onkelen min, som var mylnearbeidar og gjekk på skift. Dei gjekk kl. 13 om dagen og kom att kl. 1 om natta. Han fortalde at han aldri hadde hatt tru på noko slikt gjengangeri. Han budde inne på Tveitane i eit hus som Vaksdal Mølle hadde kjøpt der inne. Så ei natt kom han spaserande og gjekk forbi Storabrua og opp til Tveitane, og då høyrde han at det var eit slikt tuskeri oppfor vegen på sandbrekka der. Der var trakk og snakk. Han stod lenge og lydde. Det spaserte forbi han og over Storebrua og heimigjennom. "Men eg vart skremd", sa han, "for om dagen då eg kom heimatt frå arbeid, då kom det eit likfylgje, og det var akkurat same lydane". -Eg har ikkje noko tru på det, sa han, men det var fakta. Det kunne vera dette med føreferd. Elles var det mange som påstod at dei hadde sett at dei gjekk att. Og om dei gjekk i kvite klede, var dei farne vel, men visst dei gjekk i kvardagsklede, så hadde det gått gale med dei. Dette låg i 1860-åra som eit mareritt over alle.

I same farten kan eg fortelja om kva to lærarinner på Dale fortalde. Det var Marta Stavenes og Borghild Engen. Dei var vane til å vera på ferie oppe i Bergsdalen. Så kom dei på ferie og skulle få bu på loftet i bua. Det var dei fornøyde med. Men då dei låg der, fortalde dei, då høyrde dei ein mann som liksom kom stigande opp trappa til loftet med tunge steg. Så var det nokre gamle kjørel der oppe på loftet, og det vart eit fæla rammel og spetakkel med desse kjørela der. Ei stund etter høyrde dei nede i rommet ein som klemde på og åt på brød. Han stønde og åt. Om morgonen tenkte dei at no skulle dei taka han fyren som hadde laga dette spetaket, og så skunda dei seg ned begge to, slik at han ikkje skulle få koma seg ut derifrå. Dei dunka på døra og ropte om at no måtte han lata opp. - Du har helde slikt spetakkel i natt at me har ikkje fått sove.- Men der var ingen då dei såg inn døra. Då dei kom heim om dagen, så spurde kona om dei hadde fått sove. "Dei plå ikkje få sova der", sa ho. Og då sat gamlekaren der og knubba på og åt, og

det var same lyden som dei hadde høyrte om natta. Han togge på brødet og snurkla. Slike soger hadde me mykje av her og i gamle dagar.

Det var og ei vanleg oppfatning her om at når ei mor gjekk med barn og hadde sett noko ilt, så kunne det setja merke på barnet. Eit døme på dette er om ho såg slog eller innhola fisk. Når konene gjekk med barn, så sa dei: "Du må vera forsiktig så du ikkje forser deg".

Då far min var liten, så døydde far og mor hans frå han då han var 4 år, og så kom han på foster. Dei fekk betaling for han, for han var ikkje fattig. Han var oppfostra hjå fleire stykke. Han var blant anna hjå Ingriden, og så fekk han ilt i eit kne. Han fekk forresten mykje juling hjå Ingriden fordi han hadde øydelagt kneet sitt. Då hadde dei den gode råda, at om dei kunne få lesa med kneet bortunder ei nåv på eit hus som var flytta 3 gonger, eller få fat i eit halmstrå som det var tre ledd på, eller få koma inn i eit hus der det var 3 dørstokkar etter einannan, og så få hogga av på kvar dørstokk, så skulle det hjelpa. Men han trudde ikkje noko på dette han.

Som smågutar hadde me mykje moro av ei gamal kone som hadde 2 verar når ho sleppte ut sauene sine om våren, og som me meinte ho hadde født dårleg. Dei kunne ikkje gå på framføtene, men dei gjekk på knea, - og dei kalla me for katolikkane, for me hadde høyrte gjete katolikkane som knelte i kyrkja. Dette visste ho råd med, Ho fekk fat i ein raud tråd og knytte over knea. Ho hadde nokre knutar og sa nokre gode ord. Og slik gjekk desse verane inntil dei kunne reisa seg. Sjølv sagt trudde ho at det var dei knutane og dette fikseriet ho hadde sagt som virka på dei.

Folk var mykje plaga av sjukdomar før, og dei hadde ilt ratt over seg. Eg veit ikkje om dei hadde noko særskilt som kunne hjelpa dei mot verken, men desse gamle konene hadde slike styrkjeformularar.

Då me var smågutar hadde me jonsokafta friheit til å gå og trakka over alt i bakkane og plukka såkalla jonsokgras. Då var det viktig å få den største bunten. Det var blomar av alle slag som me bar inn i heimane og pynta med i stovene. Me sette heggeblomar og slikt opp under bjelkane og i revene. Ingen ungar måtte leggja seg den natta, men vaka og ikkje gå inn att. Då kunne det henda at dei låg ute og sova i vedadyngene. Dei gjekk i frå gard til gard. Me i frå Vaksdal kunne gå opp i Sedalen, eller kvar som helst. Me hadde ikkje noko serskilt namn på denne pyntinga.